

Til Kultur- og likestillingsdepartementet  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

31.01.2023

## Innspel til strategiarbeidet og utredninga av regionale kulturfond

Studieforbundet kultur og tradisjon er svært glad for initiativet som er teke for å kome fram til ein felles kulturstrategi og til utredning av regionalt kulturfond.

Vi støttar innspela som er komne frå Kulturalliansen og Vofo, i tillegg vil vi vise til innlegg dagleg leiar Kjærsti Gangsø hadde på innspelmøte på Hamar 10.01.22. Våre innspel er sett opp punktvis som foreslått frå departementet.

### Strategiarbeidet

#### 1. Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet

- a. Vi møter utfordringar i arbeidet med å gjera opplæringa i det frivillige tilgjengeleg for alle. Vi meiner at nesten all lokal frivillig kultur er organisert som opplæring og hentar kursstøtte gjennom studieforbund. Vår erfaring er at ulik grad av utanforskap, gjev utfordringar i oppmøte. Lågare oppmøte kan i verste fall føre til at kurset ikkje får støtte, og at det dermed blir lagt ned eller ikkje blir vidareført. Ei viktig ledd i å kome denne utfordringa i møte og sikre aktivitet, meiner vi er å styrke tilskotsordninga til studieforbunda. Eit anna effektivt tiltak for å sikre breiare deltaking, ville vera å lempe på 75%-regelen for oppmøte for å utløyse offentleg kursstøtte.
- b. Under og etter Covid-19 har vi erfart at medlemsorganisasjonane våre viste evne og stor vilje til omstilling, tenkje alternativ og legge til rette for at aktivitet kunne gjennomførast trass restriksjonar og nedstenging. Ved utgangen av 2022 er Studieforbundet omtrent attende til same kurs- og aktivitetsnivå som i 2019. Vi er svært glade for høvet til å halde heildigitale kurs, som vi fekk god erfaring med under Covid.
- c. Vi jobbar målretta for å nå grupper som i mindre grad deltek og med å inkludere fleire i aktivitetar gjennom spissa prosjekt og dagleg drift. For å lykkast enda betre med dette arbeidet, meiner vi ei endring av forskrift for bruk av tilretteleggingstilskot hadde vore riktig. Om vi kunne oppnå friare bruk av tilskotet for å nå fleire og større grupper i utanforskap, ville våre midlar nå lengre. Dagens smale tolking av kva som er rekna å vera pedagogisk tilrettelegging, fører til at ein stor del av tilrettelegginga vi gjer i kurs der læringa er lagt opp gjennom praktiske inngangar, ikkje kvalifiserer for tilretteleggingstilskot. Til dømes gjev ikkje dagens forskrift støtte til forbruksmateriell som matvarer, garn, strikkepinnar, med meir.

For kursa våre er dette ofte avgjerande for å gjennomføre kurset. Deltakarane har ofte ikkje ressursar å gå inn med sjølve for å dekkje materiell. I eit tilsvarande teoretisk kurs ville dette samsvare med bøker, lydbøker, osb. Strengt krav til pedagogisk tilrettelegging hemmar meir enn det fremmar.

## **2. Møteplassar og tilgang på eigna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevingar**

- a. Arenaer tilrettelagt for læring og gode aktivitetar er svært viktig for oss. Vi treng aller fyrst at arenaene er tilgjengelege. For den vaksne delen av det frivillige kulturlivet er tilgang på eigna lokale vanskeleg. Skulane er gjerne fulle, og Voksenopplæringsloven gjer berre mogleg gratis bruk av undervisningslokale. Desse utfordringane er ei hindring for god og varig aktivitet. Vi foreslår å endre forskrifta slik at alle kommunale bygg som er tenlege for slik opplæring blir stilt til disposisjon for det frivillige. Typiske slike lokale er frivilligsentralar, museum og bibliotek.
- b. Dei største suksessfaktorane for å sikre tilgang på eigna lokale og kulturarenaer, meiner vi er å få med lokale kulturorganisasjonar i prosessen når kommunen bygger nytt. Å bygge for sambruk mellom offentlege behov og det frivillige sitt behov, vil gje meir effektiv bruk av lokala.
- c. Gode eksempel på korleis vi betre kan lære av kvarandre er korleis Kultur- og likestillingsdepartementet nå har teke kulturparaplyane med på råd og gjeve oss rom til å kome med innspel. Desse paraplyane har god kjennskap til og kunnskap om dei utfordringane vi finn lokalt. Det håpar vi blir vidareført.

## **3. Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen**

- a. Erfaringane våre frå samarbeid og samspel mellom den profesjonelle og den frivillige kulturen er svært gode. Vårt studieforbund har på alle nivå eit utstrekkt samarbeid med profesjonelle utøvarar. Mange av desse er instruktørar og kurslærar for laga våre. Største utfordringa er at statstilskotet går attende, der dei profesjonelle utøvarane har ei forventning om å fylgje lønsutvikling. Dette fører til at deltakaren og laget stadig må betale meir for å kompensere for dette. Som igjen fører til at grupper av befolkninga fort kan falle utanom.
- b. For at samspelet skal bli enda betre, meiner vi ei auke av tilskotet til studieforbunda er viktig, slik at foreiningslivet i større grad kan tilby anstendige lønningar og føreseielege og varige kontraktar. Dette kan til dømes gjelde bunadtilverkarar, båtbyggjarar eller revy- og teaterinstruktørar. Slik kan dei har moglegheit til, og finne det interessant, å sette av tid til å drive opplæring fleire år fram i tid. Da må det frivillige kunne tilby eit konkurransedyktig oppdrag med tilstrekkeleg inntening for den profesjonelle.
- c. Med betre samspel kan vi oppnå betre kvalitet i opplæringa, betre tilgang på gode kurslærarar, stabil aktivitet, og skape kulturaktivitet som folk har lyst til å vere med på.

## **4. Offentlege tilskotsordningar og tiltak**

- a. Den største utfordringa med dagens ordningar og løysingar er at tilskotet har gått attende. Norsk Musikkråd har gjort berekningar som viser ein reell nedgang i tilskot til lokale arrangørar på 43% dei siste 30 år.

Den varsla evalueringa av delinga av studieforbund mellom kunnskaps- og kulturdepartementet må gjennomførast, og vurdere om forskrift for studieforbunda i kulturdepartementet kan tilpassast med enklare rapportering for læringsformene i det frivillige. Evalueringa bør og vurdere kva for andre tilskot som kan knytast opp mot studieforbunda som forvaltarar – slik tilretteleggingstilskotet i dag fører til meir inkluderande og tilrettelagte kurs.

- b. For å fremme frivillig engasjement og forenkle ordningar kan ein endre 75%-regelen for frammøte og gje rom for friare bruk av tilretteleggingstilskotet. Etter flytting til Kultur- og likestillingsdepartementet har det vorte eit tydelegare skott mellom opplæringstilskotet og grunntilskotet. Desse skotta bør byggast ned. Det har uheldig innverknad på drifta, og moglegheita for å drive utvikling og motivasjonsarbeid der det er tenleg og nødvendig.
- c. Eit godt samarbeid mellom offentlege myndigheiter og sampel med frivillige organisasjonar er godt påbegynt med departementets innhenting av innspel og gode dialog med kulturparaplyane. Mange av oss er med i fleire paraplyar fordi vi jobbar på fleire område og her er såleis mykje lokal og samla kunnskap og kompetanse å hente.
- d. Verkemiddel og tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå kan innrettast betre ved å friare bruk av tilskota og lemping på forskriftene på til dømes rammer for oppmøte, som nemnt over.

## Regionale kulturfond

Vi har få konkrete innspel til regionale kulturfond. Det viktigaste for oss er at fonda blir brukarstyrte. Elles støttar vi innspel som er komne frå Kulturalliansen og Vofo.

Vågå 26.01.2023  
Med vennleg helsing  
Studieforbundet kultur og tradisjon

Kjærsti Gangsø  
Dagleg leiar

Torunn Elise Kveen  
Informasjonsrådgjevar